


REGULERING AV F-17B OG F-18 – ORRENESET




I forbindelse med reguleringa av F-17B / F-18, så har administrasjonen kome med ei motsegn når det gjeld veg ned til tomt T-16 og lukehus tilhøyrande Tussa Energi. Argumenta som ligg bak er at vegen kryssar skiløypa og at vegen fram til tomt/lukehus vil vere eit vesentlig inngrep i eit ellers urørt område. Eg vil gjerne presisere at tomta som ligg der, fekk vi godkjent tilbake i 1985 og at den er godkjent for bygging ifølgje kommunen.

Ref. mailkorrespondanse med kommunen angående tomt T-16, datert **30.03.2012**

«Omsøkt areal sør for hyttefelt H18 ligg innanfor reguleringsplanen for området kring Nysætervatnet, godkjent 05.02.01. Eg sender vedlagt gjeldande plan med tilhøyrande føresegner»

Arealet er regulert til byggeområde for hytter. Bygging av hytte på dette arealet er i samsvar med gjeldande plan og det kan søkjast om byggeløyve for hyttebygging»

Det har tidligere vore søkt om veg i det aktuelle området, den gong var det Stranda Energi som søkte om veg, grunna behov for vedlikehald på lukehuset som ligg der, sjå kart.



Vegen vart planlagt og søkt av Opshaug Entreprenør i regi av Stranda Energi. Ifølge Opshaug og Stranda Energi så var kommunen positive til gjennomføring av vegen den gong, sjølv om den også då kryssa skiløypa. Rapporten frå Statsforvaltaren bekrefter også kommunen si vurdering:

"Natur- og miljøvern

*Statsforvaltaren støttar **kommunens vurdering** av at tiltaket ikkje vil gje særleg negative verknader for skiløypa, i og med at vegen ikkje skal vinterbrøytast"*

I tilbakemeldinga frå Statsforvaltaren vart kommunen frarådd å gi dispensasjon, grunna for stort inngrep i myra. Dei skriv også at ein bør vurdere om vedlikehaldet kan utførast med andre hjelpemiddel, eksempelvis helikopter. Dette har Tussa Energi avkrefta og kommentert at dei må ha veg til lukehus for å kunne gjere vedlikehaldet på ein effektiv og sikker måte. Statsforvaltaren oppmodar til å finne ein anna trasé på vegen som unngår myra i størst mulig grad.

I reguleringsplanen som pågår, så er det tegna inn ny veg ned til lukehuset. Denne vegen kryssar myra med ca. 85 meter mot tidlegare ca. 300 meter. Det er fortsatt ei forutsetning at vegen ikkje skal vinterbrøytast grunna skiløypa, noko som naturlegvis er kommentert i reguleringsplanen også.

Når det gjelder sjølve vegen, så skal ikkje myra gravast ut for å bygge vegen som var intensjonen tidligare. Vegen skal byggast opp på myra ved hjelp av duk og geonett. Dette vil vere svært positivt med tanke på at ein unngår å punktere og drenere myra, noko som også hadde medført CO2 utslepp. Når det gjelder sjølve vegen, så kan denne beplantast med villfrø etter bygging, dette medfører at den gradvis går i ett med terrenget rundt og vil vere lita visande.

Sidan vi kan samkjøre veg til tomt og lukehus, unngå inngrep i myra, i tillegg til at vegen ikkje blir vinterbrøytast, så hadde vi trudd at administrasjonen ville vere positive, spesielt når dei var positive til den forrige vegen. Hadde Statsforvaltaren komt med positivt svar den gong, så er det stor sannsynlighet for at vegen hadde blitt bygd, slik eg ser det.

Vi vart overraska då administrasjonen kom med motsegn på dette, svaret ser dykk under:

Fra: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>

Sendt: mandag 2. oktober 2023 13:32

Til: Arild Karlsen - Oppmålingstjenester as <arild@opmt.no>

Emne: SV: Fjellsætra 2021002

Hei,
Beklagar seint svar.

Området ved Gamsethaugen er i dag eit område utan så mange bygge- og infrastrukturtiltak. Området ligg også i omsynssone friluftsliv i kommunedelplanen. Å lage ein veg fram til 1 fritidsbustad og lukehuset ser administrasjonen på som eit vesentleg inngrep i eit elles relativt «urørt» område der ulempene med tiltaket er større enn fordelane. Derfor meiner administrasjonen at denne vegen ikkje bør byggast.

Sjolv om ein legg opp til i planen at vegen ikkje skal vinterbrøytast av omsyn til skiløypa, så vurdere kommunen at det kan bli ein potensiell interessekonflikt vinterstid i framtida om vegen blir bygd.

Om det blir vedtatt at vegen skal kunne byggast er det positivt at ein ikkje skal grave i myra for å få lage vegen.

Om de vil argumentere ytterlegare for bygging av vegen så kan administrasjonen legge ved eit brev frå forslagsstillar som vedlegg til saksframlegget, eller de kan meir direkte oppsøke/sendte til politikarane i nærings- og utviklingsutvalet. Kven som blir sittande i utvalet blir vedtatt i dag på kommunestyremøtet.

Mvh,

Arild Sunde Rinnan

Arealplanleggar

Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00

arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no



Vil igjen presisere at tomte som vi har, er godkjent å bygge på og vi ønsker naturligvis veg fram til denne. Sidan tomte ligg der, så vil jo ikkje området vere «urørt» på eit tidspunkt. Ein kan jo seie at det er urørt slik det ligg no, om ein ser vekk frå lukehuset som står der.

Slik eg ser det så er det klart større fordelar enn ulemper:

- Veg til lukehuset, som står for omfattande vedlikehold. Utan veg kan ikkje dette vedlikeholdet gjerast, ref. Tussa Energi.
- Vegen vil gjere området meir tilgjengelig for friluftsliv.
- Veg fram til fritidsbustad
- Bygging av ein fritidsbustad krever naturligvis behov for mange typar håndverkarar, innkjøp av materialer osv. Alt dette vil kome kommunen til gode med tanke på sysselsetting, skatt og generell aktivitet. Ved eventuell utleige, spesielt vår, sommar og haust, så vil jo denne være skattlagt, noko som tilfell kommunen.

Det står klart og tydelig i reguleringsplanen at vegen ikkje skal vinterbrøytast. Dette er noko vi må forholde oss til, på lik linje med andre punkt i reguleringsplanen. Det at administrasjonen vurderer at det kan bli ein potensiell interessekonflikt vinterstid kan eg ikkje heilt forstå med dei forutsetningane som reguleringsplanen legg til grunn.

Slik er vegen tenkt:



Kommentar frå Tussa Energi angående oppgradering av Fausa Kraftverk:

Saka gjeld Regulering av ORRENESET

Innspel frå Tussa Energi AS, som er eigar av Fausa Kraftverk etter overtaking av Stranda Energi Holding i 2023.

Tussa planlegg no ein større oppgradering av Fausa kraftverk, kraftstasjonen, røyrgate, inntak, luker mm skal rustast opp og fornyast. Arbeidet er planlagt utført i perioden 2025 – 2027. I samband med dette arbeidet har vi behov for veg til lukehuset. I lukehuset er der stengeluke for vassvegen, inntaksrist og lukeføringar. Oppgradering av dette krev at vi har tilgang på biler med heisekran, samt at vi ved ombygging også må få frakta fram tungt materiell og betong på plassen.

Vassdragskonsesjonen for Fausa Kraftverk inneberer anlegga skal haldast ved like, og for at vi skal kunne utføre eit godt og effektivt vedlikehald må vi ha veg heilt fram til lukehuset.

Opprustinga av lukehuset og inntaksutrustninga vert planlagt utført under barmarksesongen, så vinterbrøyta veg er ikkje naudsynt. Vegen til lukehuset kjem dermed ikkje i konflikt med langrennsløypa.

Med venleg helsing

Knut Leira

Eigedomsforvaltar

Tussa Energi

Mobil: 95229981